

Adresseliste

Vår dato:

Vår ref.: NVE 200805686-2 ktv/nrr

Arkiv: 312 /083

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Nina Rønning Raabel

22 95 93 71

Yndestad Kraftverk AS – Søknad om løyve til å byggje Yndestad kraftverk i Kvamselva i Gaular kommune, Sogn og fjordane – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Yndestad Kraftverk AS, datert 20.10.2008, om løyve til å byggje Yndestad kraftverk i Gaular kommune.

Kraftverket får ein installert effekt på ca. 400 kW og ein årleg produksjon på ca. 1,2 GWh. Kraftverket vil få ei røyrgate på ca. 90 m. Kraftstasjonen vil liggje på nordsida av elva på kote 43. Det er ikkje naudsynt med nye vegar for å gjennomføre utbygginga. Kraftverket vert knytta til eksisterande 22 kV nett med ein 150 m lang jordkabel.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/smaakraft, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Om papirutgåve av søknaden er ønskeleg, kan ein kontakte konsulent på tlf. 57722324 eller e-post olav.osvoll@sunnfjordenergi.no

NVE ber Gaular kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på (utleggingsstad) fram til **22. desember 2008**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar), medan det andre ikkje må fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønsker.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan **22. desember 2008**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjons- og tilsynsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna, vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Nina Rønning Raabel
avdelingsingeniør

Vedlegg: (Søknad iflg adresseliste, kunngjeringsteksten, informasjonsark om sakshandsaminga)

Kopi: Sunnfjord Energi As, Postboks 123, 6801 FØRDE

Adresseliste

3 Gaular kommune, 6973 SANDE I SUNNFJORD

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane, Postboks 365, 6902 FLORØ

Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Postboks 470 SOGNDAL

Norges Jeger- og Fiskerforbund, Sogn og Fjordane, 6823 SANDANE

NOF, Sogn lokallag v/ Heidi Sandvik, Dalsvegen 23, 6861 LEIKANGER

Direktoratet for naturforvaltning, 7485 TRONDHEIM

Sunnfjord Energi AS, Boks 123, 6801 FØRDE

1 RV/IAS

1 KTD/OMØ

1 VAS/SSM

1 EMR/JSL